

Statsminister Erna Solberg  
Finansminister Siv Jensen**Statsbudsjettet for 2017 - innspel frå Fellesforbundet**

Norge opplever aukande arbeidsløyse, og den ser ut for å kunne bli større enn det som er lagt til grunn i statsbudsjettet for i år. Utsiktene inn i 2017 er dessverre heller ikkje veldig lyse. Mykje av dette skuldast reduksjonen i oljeinvesteringar og i aktivitet på sokkelen. Dette er berekna til å kunne utgjera eit bortfall i etterspørselen tilsvarande 4 prosent av BNP for fastlands-Norge også når ein legg til grunn ein høgre oljepris enn dagens. Det er derfor viktig at budsjettet for 2017 blir retta inn mot å skapa meir sysselsetting og eit styrkja næringsgrunnlag. Det må skapast fleire arbeidsplassar for å få ei betre utvikling på arbeidsmarknaden, og budsjettet må rettast inn mot at fleire får meir og betre kompetanse for kvalifisering inn i arbeidslivet.

Fellesforbundet har i andre brev til ulike fagstatsrådar spela inn konkrete forslag som kan vera med å styrkja sysselsetjinga, næringsgrunnlag og kompetanse. I dette brevet lister vi opp kva vi meir overordna må vektleggjast i statsbudsjettet for 2017 for å få til ei betre utvikling. Så er det minst to ting utover det som må koma på plass straks. Det gjeld lengda ein kan ta imot dagpengar under permittering. Dagpengeperioden må utvidast til 52 veker. Dette er avgjerande viktig for at arbeidstakarane kan vera tilsette i ein mellombels vanskeleg periode for bedriftene, og det er viktig for bedriftene å kunne halda på viktig kompetanse. Vidare må regelverket snarast mogeleg endrast for å lettare kunne kombinera utdanning og dagpengar, slik det også er lova at det skal bli.

Når det gjeld budsjettet for 2017 meiner Fellesforbundet følgjande overordna tiltak må på plass:

- Budsjettet må prioritera sysselsetjing. Nivået på ekstraordinære tiltak må hevast betydeleg utover det som vart vedteke for 2016. Tiltaka må så langt som råd er målrettast inn mot dei område av landet der arbeidsløysa er størst, og det er i dag Sør- og Vestlandet. Dette grunna det sterke fallet i investeringar og vedlikehald innanfor offshorenæringa, og dei verknader dette også har fått for andre næringer. Gjennom den statlege innkjøpspolitikken må det så langt som mogeleg leggjast til rette for at det kan gje oppdrag for næringsliv som er i ordremangel.
- Talet på tiltaksplassar må hevast utover dei 16 000 som er vedtekne for i år. For å dekkja opplæringsbehovet for dei stadig fleire ledige bør talet for 2017 bli nærare 20 000. I tillegg må talet på tiltaksplasser for dei med nedsette arbeidsevne aukast. Samtidig er det også behov for fleire plassar under Varig tilrettelagt arbeid (VTA).
- Fagopplæringa må styrkjast ytterlegare. Finansieringa av fagskolane må bli betre, utstyrsstipendet må bli høgre og utstyrsparke i dei vidaregåande skolane må moderniserast. Lærlingetilskotet må aukast. Utanlandske arbeidstakarar må få betre tilbod om norskopplæring, og ordninga med å godkjenna utanlandsk fagutdanning må koma raskt på plass og utvidast.

- Arbeidstakarane har gjennom ein del vedtak knytt til statsbudsjetta etter 2013 fått ringare vilkår. Tilstramminga i reisefrådraget for personar med lengre arbeidsreiser må reverserast, slik at utgifter utover 16 000 kan koma som frådrag i inntektsskatten. Dagpengar må igjen gje grunnlag for feriepengar. Vedtaket om å skattleggja sluttvederlag må gjerast om. Perioden ein kan få dekning for løn frå NAV Lønnsgaranti (Lønnsgarantifondet) må utvidast, slik den var før tilstrammingane.
- Ytterlegare styrkja næringsretta forskning. Tiltak for styrkja nyskaping må i større grad også treffa etablert industri og bedrifter, miljøteknologiordninga må ytterlegare utvidast, midlar til styrking av reiseliv og skog- og trenæring må aukast, løyvinga til INTSOK (døropnar og marknadsførar av bedrifter som eksporterer utstyr og tenester til andre land sine soklar) må aukast, framskunde kjøp av kystvaktfartøy og det må leggjast sterkare til rette for utvikling og produksjon av fergjer basert på batteri, brenselceller, gass og hybride løysingar.

Til slutt vil vi understreka at budsjettet må halda fast ved den viktige delen som ligg i bistandsbudsjettet som går til langsiktig sivilsamfunnsarbeid i fattige land. I den situasjonen verda er inne i med stadig fleire menneske på flukt bort frå krig, uro og fattigdom, er det meir enn nokon gang viktig å styrkja sivilsamfunna slik at ein reduserer behovet menneske har for å flykta.

Med venleg helsing  
**Fellesforbundet**

Jørn Eggum  
(*sign.*)

Norvald Mo  
(*sign.*)

*Dette brevet er elektronisk godkjent i Fellesforbundet og har derfor ingen signatur.*